



Kirkerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 24.08.2016

Vår ref: 16/2415 - 3 TOS (16/26628)

Dykkar ref:

Høyringsvar frå bjørgvin bispedømeråd - Regler for Kirkelig utdanningscenter nord

Bjørgvin bispedømeråd har i møte 23. august 2016 drøfta og vedtatt fylgjande høyringsvar til kyrkerådet si høyring:

Bjørgvin bispedømeråd stør i hovudsak framlegget til reglar for Kyrkjeleg utdanningscenter nord, men vil endra ein setning i §4 *Rektor* til: «Som rektor kan kun tilsettes ordinert prest (cand.theol.) i Den norske kirke».

Den foreslåtte formuleringa i §1 *Senterets virksomhet* tar vare på to viktige omsyn for kyrkja, rekruttering og samarbeid med kyrkjelege institusjonar.

Dette vert tydeleggjort i §2 *Styre* i forslaget om at kyrkjerådet oppnemner styre og leiar slik som foreslått for å understreka den kyrkjelege tilknytning som KUN ynskjer og fordi det bidrar til at KUN kan finna sin plass som ein del av kyrkja og ikkje som eit vedheng.

I §4 *Rektor* bør den tidlegare formuleringa frå forskrift om PTS behaldast: «Som rektor kan kun tilsettes ordinert prest i Den norske kirke». På bakgrunn av at det no er mange vegar til ordingasjon med ulik grad av teologisk kompetanse det bør leggest til «(cand.theol)» etter «prest» som fangar opp meininga i formuleringa frå PTS, og understrekar at cand.theol. er ein viktig kompetanse som ikkje i alle stillingar kan ersattast med ulike ekvivaleringar.

For ein tverrfagleg utdanningsinstitusjon på dette nivået er presteutdanning den yrkesutdanninga som har flest felles område med dei andre, både sjelesorg/omsorg, liturgikk/gudsteneste og undervisning, i tillegg til den grundigaste teologiutdanninga.

Dette svarar til den sjølv forståing som KUN gjev uttrykk for i sin langstidsplan der det vert understreka at teologi er eit særleg satsingsområde både når det gjeld å rekruttera teologistudentar for å halda oppe utdanninga av teologar i nord, og fordi det er den klart største studentgruppa på KUN. Dei peikar sjølv på to risikofaktorar. Ein overgang til kyrkja kan svekka KUN akademisk, noko som talar for at rektor er minst cand.theol. Teologistudiet ved Universitetet i Tromsø har vore trua av nedlegging, difor må ein ikkje svekka det teologiske fagmiljøet og KUN sitt bidrag til det. KUN vart i

si tid oppretta for å gje studentar i landsdelen eit fullverdig teologistudium, difor er det naturleg og naudsynt at rektor framleis er teolog.

Med helsing

Jan Ove Fjelltveit e.f.
biskop

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kirkerådet

Postboks 799 Sentrum

0106

OSLO

Mottakere:
Kirkerådet

Postboks 799
Sentrum

0106

OSLO